

250 000 inn att til planleggjing

13.09.2012

Kjell Yri (V) fekk i dag i formannskapet samrøystes tilslutnad til forslaget sitt om å få inn att i budsjettet på prioritert plass 250 000 kroner til planleggjing i Uskedalen. Det skjedde under handsamlinga av planstrategien framover. Rådmannen hadde ikkje med Uskedalen i forslaget sitt.

Yri minte om at dette var ei av dei siste sakene Torfinn Myklebust fekk på plass. Han minte om at Husnes, Sunde, Rosendal og Mauranger har fått sine gode planar og understreka at også Uskedalen og Sæbøvik bør få det. Han peika på at desse er i framgang og at det er viktig å følge ein riktig strategi.

Verksemdsleiar Tormod Fossheim peika på at det hadde skjedd ein samordning av planar frå fleire bygder. Han nevnte ikkje Uskedalen spesielt i innlegget sitt.